



Bondemarkering: Knut Hustad er mjølkeprodusent i Bondalen. I Volda måndag snakka han opp dei små og mellomstore gardsbruka på Vestlandet. Bondemarkeringa i Volda vart halden på ein jordlapp tilhøyrande onkelen til landbruksminister Jon Georg Dale. Ministeren fekk måndag overlevert krava frå jordbruket, på 860 millionar kroner, som skal gå til å tette inntekts-gapet mellom dei som driv smått og dei som driv stort.

- Eit vegval for landbruket

- Vi som driv små og mellomstore bruk får berre smular, mens dei som driv stort får heile kaka.

● **Janne-Marit Myklebust**
janne@morenytt.no

Mjølkeprodusent Knut Hustad frå Bondalen tala varmt om dei små og mellomstore gardsbruka då det vart halde bondemarkering i Volda måndag. Markeringa vart halden på ein jordlapp i Volda sentrum, tilhøyrande onkelen til landbruksminister Jon Georg Dale. Dale fekk måndag overlevert krava frå jordbruket, på 860 millionar kroner, som hovudsakleg skal gå til å tette inntektsgapet mellom dei som

driv smått og dei som driv stort.

- Dei blå-blå er godt i gang med sitt store prosjekt med å bygge det robuste landbruket. Dei omfordelar dei 15 milliardar kronene vi får, til fordel for dei store gardane, sa Hustad.

Han viste til at det i Ørsta kommune var 177 gardsbruk i drift i 2014, og like mange i 2015. Likevel fekk bøndene i Ørsta 3,5 millionar kroner mindre i 2015 (40,5 mill) samanlikna med året før (43,83 mill).

- Vi er samfunnsytarar så det held. Ein bonde står for ei verdiskaping på 1,2 millionar kroner, så berre i statsbudsjettet i fjor forsvann det tre stillingar frå Ørsta. Og dette er medviten politikk, sa Hustad.

Ungdomen

Han var ikkje den einaste som

hadde noko på hjartet om norsk landbruk. Ordførar Stein Aam er sjølv bonde, og kunne fortelje at han hadde vore i fjøsen å mjølka allereie klokka seks om morgonen.

- Ein ting er kva bøndene tenner, ein annan ting som er svært viktig for meg er at eg er oppteken av ungdommen som kjem etter. Vi står her kvite i håret mange av oss. Vi må ha ei investeringsramme som er forsvarleg, slik at dei som kjem etter oss og vil drive vidare ikkje vert nedtynga av gjeld, var hans oppmoding.

Også ordførar i Volda, Jørgen Amdam talte vent om jordbruket.

- Vi treng vestlandsbonden. Han som har overlevd ved å kombinere gardsdrift med anna arbeid. Deltidsbonden er ryggrada for busetjinga på bygdene våre. Om det skulle skje

at landbruket vert lagt ned på bygdene, vil det ha noko å seie for alt av service og liknande. Vi må reindyrke linja der vi kombinerer det å drive jorda med anna form for arbeid - mangesysleriet, sa Amdam, og viste mellom anna til sin eigen barndom på eit småbruk, der dei også livnærte seg med å drive intensiv gartneriverksemnd for å spe på inntekta.

Vegval

Bondelagsleiar i Møre og Romsdal, Oddvar Mikkelsen, meiner tida er inne for å tette lønns-gapet mellom dei små og dei store landbruksprodusentane.

- Bønder sluttar ikkje i nedgangstider. Då køyrer vi på. No er det nedgangstid i landet. Då kan vi få hjelp til å køyre på. Vi er ei langsiktig næring. Vi investerer i eit generasjonsper-

spektiv. Kan vi gjere det i nedgangstider er det gjerne billigare å investere også. Det er positivt, men vi treng draghjelp fordi vi har for låge inntekter. Samfunnet kan satse på landbruket no. Det kan vere ein stabilisator i økonomien og vere med på å halde hjula i gang også i andre næringer. Vi har på mange måtar kome til eit vegkryss. Skal vi ta vegen til høgre, mot stadig færre og større bruk, jordbruksareal som går ut av drift og produksjon som går ned, eller skal vi gå den andre vegen, og oppretthalde det samfunnet slik vi kjenner det i dag, med mange små og varierte bruk, og deltidsbønder som driv fleire produksjonar, og som har anna jobb i tillegg til det å vere bonde?



Bønder: Ordførar Stein Aam er sjølv bonde, og han heiar på jordbruksoppgjering. Her i samtale med leiar i Møre og Romsdal Bondelag, Oddvar Mikkelsen frå Surnadal.

Landbruket krev 860 millionar

Jordbruket krev 860 millionar kroner for å løfte dei små og mellomstore gardsbruka.

Det er klart etter at Norges Bondelag la fram si kravliste til landbruksminister Jon Georg Dale i Oslo måndag.

Kravet på 860 millionar kroner vil gje ei inntektsverknad på 20.800 kroner per årsverk.

- Dei små og mellomstore gardane har ikkje fått det same økonomiske løftet som dei største produsentane dei siste

åra. Det er i dag store inntektsforskjellar mellom større og mindre produsentar, og fleire stader i landet går jord ut av drift, seier leiar i Norges Bondelag, og jordbruket sin forhandlingsleiar, Lars Petter Bartnes.

I Volda vart det halde markering på eit lite jordstykke tilhøyrande onkelen til landbruksministeren. Her stilte også leiar i Møre og Romsdal Bondelag, Oddvar Mikkelsen.

- Vi treng det talet på bønder vi har for å oppretthalde drift på det arealet vi har. Det er

snart rasjonalisert så mykje som det går an å få til. Viss landbruksministeren trur at vi kan produsere meir mat med færre bønder og mindre jord, så rekk ikkje vitet til.

Dette er grepa bøndene foreslår i jordbrukskravet:

- Gir små og mellomstore gardsbruk eit økonomisk løft.

- Legg til rette for å auke produksjonen av norsk storfekjøtt for å dekke etterspurnaden.

- Betrår økonomien i produksjonen av korn.

- Styrkar lønsemda i å bruke beite i utmark.